

MØTEPROTOKOLL

Utdanningsutval HVL

Dato: 10.04.2019 kl. 10:15 – 12.10

Sted: Skype

Arkivsak: 18/07914

Tilstede: Bjørg Kristin Selvik, Gunn Haraldseid, Anne-Grethe Naustdal, Johanne Marie Trovåg, Brit Julbø, Gunhild Raunsgard, Henrik Waage Tjore, Kristen Stæger-Breisnes, Øivind Henne, Arne Bygstad, Hellen Dahl, Thomas Mikkelsen, Ingeborg Qatarina Fossdal Høimyr, Anders Gunnar Helle, Anna Folgerø, Helene Sylvarnes, Jan Erik Kallevik Vatland, Ole Henrik Bach, Einar Georg Johannessen, Sindre Rødne Dueland

**Møtende
varamedlemmer:** Jonas Hagesæter Røthe

Forfall: Turid Bogetveit Hitland, Hege Råkil

Andre: Solfrid Kjoberg, Ingvild Drejer, Lene Borgen Waage, Øystein Backelin

Protokollfører: Bente Sønsthagen, Avdeling for utdanningskvalitet

SAKSKART			Side
Vedtaksaker			
8/19	18/07408-3	Arbeidsfordeling mellom LMU og UU	2
9/19	19/01082-5	Planlegging av program, kvalitetskonferansen 2019	3
10/19	19/02880-1	Oppfølging av SHOT-undersøkinga	4
11/19	19/02889-1	Drøfting av tiltak i årsplan HVL 2019 - Danne og utdanne	5
Orienteringssaker			
3/19	18/07453-5	Resultat Studiebarometeret 2018	6
4/19	18/07500-20	Årsrapport frå Studentombodet	6
5/19	18/07500-	NOKUT-tilsyn - institusjonsbesøk 1. og 2.april	6

	19		
6/19	17/04320-10	Sei ifrå - status system og kampanjer	6

Bergen, 10.04.2019

Bjørg Kristin Selvik
-møteleiar-

8/19 Arbeidsfordeling mellom LMU og UU

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	10.04.2019	8/19

Forslag til vedtak/innstilling:

Innspele frå utvala blir tekne med i arbeidet med årshjul for utvala

Møtebehandling

Sak 8/19 og Sak 11/19 vart behandla under eitt.

Lene Borgen Waage gjekk gjennom ein presentasjon av ulike saker dei to utvala behandlar.

Det er naturleg at LMU får hovudansvar for å handtere rapportar/saker frå Sei ifrå, men sørger for at UU får vidaresendt dei sakene som går på utdanningskvalitet. I tillegg har både UU og LMU delt ansvar for nokre av områda i kvalitetssystemet. Det digitale læringsmiljøet som Canvas representerer blir LMU sitt ansvar, medan kvalitet på det faglege innhaldet i hovudsakleg blir tillagt Utdanningsutvalet.

Vedtak

LMU og UU ser at det på mange område er overlappende ansvarsfordeling mellom dei to utvala. Avdeling for utdanningskvalitet/sekretariatet for dei to utvala tar ansvar for å sørge for at saker som naturleg bør handterast av begge utvala blir koordinert.

9/19 planlegging av program, kvalitetskonferansen 2019

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	10.04.2019	9/19

Forslag til vedtak/innstilling:

LMU/UU drøfter program og form for Kvalitetskonferansen videre på bakgrunn av referat fra oppstartsmøtet i programkomiteen og peiler seg inn på konkret dato og programpunkter.

Møtebehandling

Utvala slutta seg til programkomiteen sitt opplegg, og kom med forslag til tekniske løysingar for korleis ein kan sikre diskusjonar/kommunikasjon på tvers også på fellesdelen. Det er sentralt å sikre god diskusjon/gruppearbeid på dei ulike campusa, samt å få delt momenta som kjem fram i gruppearbeida på tvers av alle campus.

Vedtak

LMU og UU ber programkomiteen tar med seg innspela i det vidare arbeidet, og ber om at datoen vert fastsett og annonsert så raskt som mogeleg.

UU og LMU ønskjer at medlemmene i programkomiteen også blir komité for tildeling av utdanningskvalitetsprisen.

10/19 Oppfølging av SHOT-undersøkinga

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	10.04.2019	10/19

Forslag til vedtak/innstilling:

Eventuelt vedtak utformes i møtet.

Møtebehandling

Thomas Mikkelsen gjekk gjennom hovudfunna i SHOT- undersøkinga. Utvala drøfta viktige satsingsområde framover, prioritering av tiltak og korleis desse skal følgjast opp vidare på institusjonsnivå.

Tiltak:

- Oppfølging av SHOT må sjåast i samanheng med tiltak i årsplanen, t.d med satsing på førstesemesterstudenten og utvikling av mentorordning.
- Det er viktig å vere bevisst på resultatata også når det gjeld arbeid med samordning av utdanningar og oppbygging/organiseringa. Til dømes må ein prøve å sikre at arbeidsbyrden blir jamt fordelt gjennom semesteret/ studieløpet.
- Det er viktig å sjå på utforming av campus og sikre trivelege fysiske miljø og sosiale møtepunkt. Må også vurdere enkle grep for å auke trivsel på campus og oppmode til å møte opp på sosiale arrangement.
- Det er mykje fokus på heiltidsstudenten og metodar for å auke tal rapporterte timar i Studiebarometeret – her er det viktig å sjå dette opp mot resultatata om psykisk helse i SHOT. Stort arbeidspress og behov for jobb utanom studia kan føre til at frivillige verv og sosiale aktivitetar gjerne blir nedprioritert, som igjen kan føre til einsomheit.

Oppfølging:

LMU har ansvar for den overordna handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø, medan Utdanningsutvalet må ta særskilt ansvar for innhaldet i studia og tiltak som kan gjerast på studieprogramma (t.d arbeidsmengde). Mindre tiltak ang fysisk/sosialt miljø på campus må i stor grad følgjast opp av campusråda. I tillegg er Saman og vertskommunane sentrale i tiltak som går på velferdsordningar og helse.

USN har etablert eit koordineringsorgan for å sikre at tiltaka som vert sett i verk vert samordna mellom dei ulike aktørane som har ei rolle i oppfølginga. HVL bør vurdere å opprette eit tilsvarande organ/ arbeidsgruppe.

Vedtak

LMU og Utdanningsutvalet ber avdeling for utdanningskvalitet / prorektor for utdanning ta med seg innspela vidare, og vurdere om HVL skal etablere ei koordinerande arbeidsgruppe som kan vurdere aktuelle tiltak og fordele ansvar for oppfølging mellom ulike nivå i organisasjonen.

11/19 Drøfting av tiltak i årsplan HVL 2019 - Danne og utdanne

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	10.04.2019	11/19

Forslag til vedtak/innstilling:

Utdanningsutvalet drøfta oppfølging av tiltaka i årsplanen for 2019

Møtebehandling

Sak 8/19 og Sak 11/19 vart behandla under eitt.

Lene Borgen Waage gjekk gjennom ein presentasjon av ulike saker dei to utvala behandlar. Møtedeltakarane svara i menti.com på konkrete saker frå årsplanen på kva utval dei ser for seg skal behandle desse sakene. Her var det litt sprikande tilbakemeldingar, då fleire av tiltaka tydeleg vert oppfatta å gjelde begge utvala.

Konkrete tilbakemeldingar frå utvala til nokre av tiltaka:

Førsteårsstudenten: her er det viktig med godt samarbeid med faddervekene, må sørge for at informasjon og opplæring blir spreidd utover / gjentatt seinare i studieløpet. Må også sjåast i samanheng med arbeidet for utvikling av felles innføringsemne for HVL.

Vedtak

Oppfølging av tiltaka må følgast opp vidare av avdeling for utdanningskvalitet, der handsaminga vert fordelt mellom dei to utvala. Nokre av tiltaka rettar seg meir direkte mot eit av utvala, medan det er naturleg at andre av tiltaka kjem som sak i begge.

<u>Saknr</u>	<u>Arkivsak</u>	<u>Tittel</u>
3/19	18/07453-5	<p>Resultat Studiebarometeret 2018</p> <ul style="list-style-type: none"> - Særskilte område kan tas opp som eigne diskusjonar i LMU/UU seinare, t.d er det ønskjeleg å sjå nærare på områda medverknad og yrkesrelevans.
4/19	18/07500-20	<p>Årsrapport frå Studentombodet</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sindre gjekk kort gjennom hovudelementa i rapporten. Rapporten vert offentleg når den skal handsamast av styret.
5/19	18/07500-19	<p>NOKUT-tilsyn - institusjonsbesøk 1. og 2. april</p> <ul style="list-style-type: none"> - Solfrid orienterte kort frå tilsynet, der fleire av medlemmene i LMU og Utdanningutvalet var med på intervju.
6/19	17/04320-10	<p>Sei ifrå - status system og kampanjer</p> <ul style="list-style-type: none"> - Stort engasjement og mange som bidro i kampanjeveka i slutten av mars. - Rapportar frå Sei i frå blir sak i begge utvala kvart semester.